

Kommunen sine korrigeringar, inntatt med raud skrift, i tilsendt referat frå møte måndag 21. oktober 2019

Referat frå møte mellom Lindås kommune og grunneigarutvalet for Storavatn.

Stad: Lindås rådhus måndag 21. okt. 2019.

Tilstades:

Frå kommunen: Ordfører Astrid Aarhus Byrknes

Frå administrasjonen: Rådmann, Ørjan Raknes Forthun, **prosjektleiar** Arne Eikefet, ~~Konstituert~~ einingsleiar, Atle Dingen, Avdelingsleiar for vatn og avløp, Arne Helgesen, Kommuneadvokat, Eirik Schütz.

Frå grunneigarutvalet: Terje Kleivdal, Christian Morvik, Olav Thorsheim og Jan B. Thorsheim

Advokatfirma Harris, advokat **Arild Nundal**.

Sak 1

Etter rettskraftig jordskiftedom sak 15-197912RFA-Jfor Hundvin av 14.02.2018, der reguleringsrettane i Storavatnet i Lindås kommune er fastsett til LRV 20,03 moh og HRV 20,80 moh. har Nesfossen Smolt AS teke kontakt med grunneigarane for å koma fram til ein avtale der dei kan gå under LRV 20,03. i uvanlege tørkeperiodar.

Avtalen på 18 punkt er oversent Lindås kommune til vurdering 4.sep.2019. Avtalen er tilrådd av Nesfossen Smolt og grunneigarutvalet. Lindås kommune **hadde som generell merknad til etablering av ein slik avtale at den ikkje bind opp kommunen.**

For øvrig hadde kommunen merknader **til** punkta 13 og 14 i avtalen.

Punkt 13 og 14 lyder:

13. «Situasjonen i dag er at demningen på Treskallen ikkje er tilpassa øvre HRV 20.80 moh. Nesfossen skal sørge for at det vert gjort endringar på demningen slik at overvatn raskare kan tappast ut frå Storavatn – for eksempel ved at demningstoppen vert senka».

Frå grunneigarane er det eit krav at dom frå jordskifteretten vert etterlevd og at HRV og LRV vert strengt overhalde. Grunneigarar opplever, slik situasjonen er i dag, at dette ikkje vert gjort godt nok.

På møte vart det semje om at dette måtte administrasjonen sjå på nytt på. Det kom framlegg om at ei ny og større utsparring av dam kunne løysa dette.

Dette er ikkje riktig. Administrasjonen gav i møte klart uttrykk for at vasstanden vert regulert på ein god måte innanfor dei reguleringsrettane kommunen har, og at kortvarige situasjonar kor vasstanden overstig HRV 20.80, som følgje av terrengtilhøva, ikkje er til å unngå. Dette ligg likevel innanfor rettighetene slik ein vanligvis definerer HRV.

14. «Nesfossen skal vidare sette opp fisketrapp slik byggeløyyet til dam fastset».

Dette er eit krav frå grunneigarane og krava i byggeløyyet. Nesfossen Smolt vil gjera dette no, og Lindås kommune har tidlegare sagt klart i frå at dette vil verta gjort så snart det føreligg avklaring om reguleringsrettane.

I møte ble det gitt klar tilbakemelding på at kommunen sin vurdering no er den same som tidlegare er lagt til grunn og formidla gjennom e-post frå advokat Grande den 5. juli 2019.

Vidare informerte administrasjonen om tilbakemeldinga den hadde fått frå Fylkesmannen. Nemlig at all den tid fisketrappa ikkje er bygd, så legg dagens regelverk opp til ein omfattande prosess for å få avklart om det p.t. i det heile teke er naudsynt og forsvarleg å etablere denne fisketrappa. Prosessen må gjennomførast og avklaring skje ut i frå situasjonen i dag, uavhengig av om det føreligg tidlegare kommunale vilkår og vedtak for slik etablering.

Kommunen peika på at den verken kunne eller ville medverke til at det blir bygget fisketrapp i demninga no, med mindre det på faglig grunnlag framkom at eit slikt tiltak vil være viktig for fiskebestanden i vassdraget.

Grunneigarane peika på at ei slik fisketrapp frå deira side kun er forutsett å vere i funksjon nokre månader om hausten når der er rikelig med vassføring.

Lindås kommune vil undersøke med rette instans vidare prosess vedrørande dette med fisketrapp.

Når punkt 13 og 14 er stetta, vil avtale om uttak av vatn verta underskriven til nytte for Nesfossen Smolt, Grunneigarane og Lindås Kommune.

Sak 2

Grunneigarutvalet tok opp saka om legging av vassleidning gjennom Storavatnet til Tveitegrend. Ein viste til jordskiftesaka om eigedomstilhøva i Storavatnet og brev frå Kommuneadv. Endre Grande 28. juni 2017. Her vart ein samde om at Lindås kommune sender avtalen om legging av vannledning over Olav Thorsheim sin eigedom til Advokat Arild Nundal.

Dette stemmer ikkje. Kommunen forklarte kvifor det ikkje ligg føre slik avtale og advokat Nundal konkluderte med at det difor heller ikkje kunne sendast inn noko slikt.